

Hjøllo Frigaard Rock Explosion på Dønhaug!

20.05.2009

Pinseafta, laurdag 30. mai skjer det endeleg igjen: Då møtest scene-personlegheitene Morten Hjøllo (frå Divin ` Ducks) og Terje Frigaard (Terje Frigaard Band) på scenen på Dønhauglåven til: Hjøllo Frigaard Rock Explosion. Det kjem garantert til å bli eit "trøkk" utan like på låvedansen denne kvelden.

Den levande rocke-legenden Morten Hjøllo er ein entertainer, gitarist og muskar av klasse. Han er kjend for sitt utadvendte og fantastiske scene-show. Denne kvelden vil han også by på nokre nyskrevne låtar. Gled dykk!

Terje Frigaard er også ein gnistrande entertainer, vokalist og muskar. Scene-showa han leverer, rett frå hjarta, er noko av det råaste som finns.

I tillegg har dei med seg Frigaard sitt faste band. Dette er ei suveren ryggrad av erfarne musikarar, som elsker "å gi jernet".

Eit fyrverkeri av energi og ein kanongod kjemi er fellesnemnaren for Hjøllo Frigaard Rock Explosion.

Hjøllo/Frigaard meldar at dette handlar om rein lidenskap for rock `n` roll. Denne musikkforma skal, som kjent, dyrkast live på scenen i lag med publikum.

Som support-band denne kvelden kjem det strålende Kvinnherad-baserte rocke-bandet The Wave, med Sindre Grønningen & co.

Førehandsalet av billetter er allereide i gang på dei vanlege salsstadane, evt. ledige bill. vil og bli seld i porten. Som vanleg vert det sett opp bussar etter at arrangementet er slutt.

For meir info viser me til www.donhaug.com, og artistane sine heimesider www.frigaard.us og www.myspace.com/mortenhjollo

Magne Huglen